

**Sakshandsamar:**

Gro Fivelsdal  
E-post: Gro.Fivelsdal@sfj.no  
Tlf.: 57 73 82 03

**Vår ref.**

Sak nr.: 14/3254-6  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

27296/14

**Dykkar ref.****Dato**

DALE I SUNNFJORD, 04.09.2014

**Notat**

**Frå:** Gro Fivelsdal

**Til:** Velaug Veum, SA  
Erlend André Høyvik Haugsbø, SA

**Innspel til "Planlegging av rutetilbod frå 1. mai 2015"**

For Dale vidaregåande skule er det spesielt viktig å leggje til rette for at elevane våre får eit best mogeleg skysstilbod. Dei som på grunn av avstand og/eller reisetid ikkje kan dagpendle, treng først og fremst eit skysstilbod som er slik at dei kan bu heime i helgane og sleppe å reise heimanfrå før måndag morgon. Skulen har difor følgjande innspel:

- 1) Ny rute (minibuss): Lavik-Rysjedalsvika-Dale; berre måndag morgon: Ein minibuss dekkjer behovet ut frå eksisterande tal elevar frå Gulen og Solund. Kvar måndag i skuleåret ønskjer vi rutestart i Lavik klokka 08.30 via Rysjedalsvika 0900 og direkte til Dale vgs. Dette korresponderer med eksisterande ferjeruter. Elevane rekk ikkje første time, men dei elevane det gjeld kan få eit tilpassa opplegg. I veka må desse elevane vere hybelbuarar i Dale. Dei nyttar eksisterande skyss heim fredag ettermiddag.

Ei rute måndag morgon vil for mange kunne avgjere valet om å gå på skule i Sogn og Fjordane eller Hordaland.

- 2) Ferjerute 14-434: For elevar frå Bulandet/ Værlandet trengst det ein ferjeavgang frå Værlandet klokka 07.00 -direkte til Askvoll. Elevane kan då nytte eksisterande skulebuss Askvoll- Dale. Det kan vere mogleg å flytte fram ferjeavgangen som no er kl. 0800 frå Værlandet.

Dale vgs ser det som avgjerande at sambandet til Atløy vert oppretthalde som før og at dei andre tilførselsrutene våre består.

Med helsing  
Dale vidaregåande skule  
Gro Fivelsdal  
Rektor

